



# BJERKREIMS NYTT



## Kommunestyret 2023 - 2027




ordfører


 Tone Vaule




varaordfører

 Bente Gro  
Milwertz Slettebø



 Børge  
Vassbø



 Vegard  
Mong




 Tollef  
Gjedrem




 Gunn Anita  
Vestersjø




 Inger Merethe  
Bjerkreim



 Magnar  
Sandstøl




 Skjalg  
Espedal




 Åshild  
Slettebø




 Tore  
Malmei



 Håvard  
Vikeså



 Bjørn Tore  
Birkeland



 Olinn  
Herikstad



 Kjell Arne  
Halvorsen



 Magne  
Vaule




 Leiv Ove  
Tengesdal



BJERKREIM  
KOMMUNE

INFO TIL BJERKREIMBUEN  
NOVEMBER 2023

– rom for mer



## KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00  
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00  
www.bjerkreim.kommune.no

## BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20  
biblioteket@bjerkreim.kommune.no  
Måndag 15.00 - 19.00  
Tysdag 14.00 - 18.00  
Onsdag 14.00 - 18.00  
Torsdag 12.00 - 15.30  
Fredag 12.00 - 15.30

## DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

## NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 21. november kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 30. november. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

## UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

## KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

## ANSVARLEG:

Kulturkontoret

## TRYKK OG

## GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

## FRAMSIDEFOTO:

Nytt kommunestyre.  
Foto og oppsett: Han med hatten / Kai Tore Vik

**VIKESÅ TAXI**  
51 45 19 00



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

## Gode sambygdinar

Då har me konstituert nytt kommunestyre, som skal arbeida med små og store saker i Bjerkeim dei neste fire åra. Sjølv kjenner eg meg både spent og audmjuk for oppgåva eg har fått, å vera bygda sin ordførar. I Noreg fekk kommunane lokalt sjølvstyre i 1837, då formannskapslovane vart innført. Då vart det slutt på at fogden styrte på vegne av staten.

På veg inn til kommunestyresalen heng bilete av mine forgjengarar. 23 menn og ei kvinne. Thønnis Tollefson Birkrem vart i 1838 vald til den fyrste ordføraren i Bjerkeim. Snart kjem bilete av Kjetil Slettebø opp. Kvar og ein av alle desse har sett sine spor og vore med å forme Bjerkeim slik me kjenner det i dag. Heilt frå starten har kommunen hatt same hovudoppgåve, å gje tenester til bjerkreimsbuar og drive utvikling av lokalsamfunnet til beste for innbyggjarar og næringsliv.

Kva som var dei fyrste sakene Thønnis arbeidde med, veit me ikkje. Bjerkeim kyrkje var heilt ny. Truleg var dette eit svært stort løft for Bjerkeim tidleg på 1800-talet, likt bygginga av Bjerkeim helsesenter er det no i 2023. Då Thønnis vart ordførar var det langt fleire born som døyde ved fødsel eller av sjukdom, enn eldre som døyde av alderdom. Medisinsk utdanning for jordmødre var noko nytt, og svært mange kvinner overlevde ikkje ein fødsel. Vaksinar fantes ikkje. Utviklinga innan helse, har vore formidabel. Kvar tid har sine utfordringar. Eg håper og trur at me saman skal klara å møte komande helsebehov på ein god måte. Korleis Bjerkeim skal organisera omsorgstenesta, vert svært viktig.

Då Thønnis vart ordførar hadde ein i Noreg hatt ein skulelov i hundre år. Bjerkeim hadde omgangsskular fram til ein fekk den fyrste faste skulen i 1853. Lærdom og kunnskap har alltid vore viktig. Tilbake til 1800-talet måtte ein kvar godt oppdregen elev ta av seg lua, nikka eller neie, når ein møtte ordførar, prest eller lensmann. Avstanden mellom dei styrande og innbyggjarane er i dag heldigvis borte. I dag er elevane på fornamm med ordførarane, og det er veldig triveleg.

Bjerkeim var vårt fyrste kommunesentrum. Etter andre verdskrigen tok Vikeså over, då og som sentrum for det stadig veksande næringslivet. I dag er begge tettstadane viktige, med industriområdet på Røysland strategisk plassert mellom. Begge sentra skal vidareutviklast. For å få til dette, ynskjer eg at flest mogleg vert med og bidreg med innspel og idear. Håper vegen til mitt kontor, og til resten av kommunestyre vil opplevas kort.

Vennleg helsing, Tone Vaule

## POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Kontrollutvalet:	Måndag 20.11 kl.14.00
Gruppemøte:	Måndag 20.11 kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 21.11 kl 13.00
Ungdomsrådet:	Tysdag 21.11 kl 17.00
Levekårsutvalet:	Onsdag 22.11 kl. 13.00
LMT-utvalet:	Onsdag 22.11 kl. 19.00
Fellesråd for eldre og funksjonshemma	Torsdag 23.11 kl. 13.00

## VANNMÅLERAVLESNING

Mange har allerede avlest, men ikke alle. Er du en av dem som ikke har gjort det, må du gjøre dette innen 1. november.

For at vi skal kunne regne ut vannforbruket ditt, ber vi deg å lese av vannmåleren din.

I år legger vi om registrering av vannforbruket. For å gjøre det enklest mulig for deg og kommunen, ber vi deg ta bilde av vannmåleren. På bildet skal både målerstanden og målnummeret være godt leselig. Har du flere vannmålere? Ta bilde av alle. Bruk skjemaet du finner på kommunens hjemmeside. Om du ikke kan ta slikt bilde, vennligst ta kontakt med kommunen.

## OFFENTLEG SYMJING

Ring 404 44 955 for å reservere plass! Velkommen til symjehallen på Vikeså skule, kvar laurdag frå 21.10 t.o.m. 23.12. Oppstart etter nyttår 6. januar 2023. Maks 15 personar får plass i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr. gruppe på familiebadning. Gratis adgang. Bleiebarn må bruke badebleie.

### Opningstider:

Kl 10.00 - 10.45 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 09.45)

Kl 10.45 - 11.30: Vaksne over 18 år

Kl 11.30 - 12.15: Familiebadning

Kl 12.15 - 13.00: Familiebadning

Kl 13.00 - 13.45: Familiebadning

Lister vert lagt ut i gangen frå kl 09.45 for å reservere plass på dei ulike gruppene. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid. Ha eit godt bad!

## VELKOMMEN TIL KULTURDAGEN 2023

Sted: Bjerkreim samfunnshus

Tid: Søndag 03.12 kl. 14.00 - 16.00

Dørene åpnes kl. 13.30

- Dansere fra Bjerkreim kulturskole.
- Åpning av vår egen pepperkakeby
- Musikk av Dalane Storband
- Utdeling av innsatspremier og byggeskikkpris
- Salg av mat v/ «Polengruppa» 9. trinn Vikeså skule.
- Nisser
- Aktivitetsverksted for barn
- Salg av julekranser mm.
- Konsert med Reidar Brendeland Trio fra «Vestlandsfanden». De starter å spille ca kl. 15.00
- Gratis adgang, velkommen til alle

## BLI MED Å BYGGE BJERKREIMS EGEN PEPPERKAKEBY PÅ SAMFUNNSHUSET!

En ny og hyggelig skikk har oppstått i mange byer i adventstiden, nemlig å bygge opp en felles pepperkakeby. I Bjerkreim har vi i mange år hatt pepperkakeutstilling fra barnehagene på kulturdagen i samfunnshuset. Men nå vil vi utvide sånn at alle får delta!

Om noen få uker skal Bjerkreims egen pepperkakeby ta form, og byggerne - det er dere! For å realisere byen trengs det mange fantasifulle og kreative bidrag. Alle innkomne bidrag får sin plass i pepperkakebyen.

Om du lurer på om det absolutt må være et hus, så er svaret at det er lov å bruke fantasien så lenge kreasjonen er hjemmebak. Vi ønsker å skape en innholdsrik og stemningsfull pepperkakeby, med mye forskjellige innhold. Det er også lov å bruke pepperkakehus - byggesett, så lenge du selv har pyntet det.

Husk at byggverket må kunne flyttes på, og pass på at det tåler litt! Hvis du har en papplate eller lignende under, så må den ikke være mye større enn selve huset.

### Innlevering

Innlevering av pepperkakehus blir lørdag 2. desember mellom kl. 10.00 og 12.00 på samfunnshuset. Men for at vi skal

kunne beregne plassbehov på forhånd, ønsker vi at du melder på byggverket ditt til Bjerkreim kulturkontor **innen onsdag 29. november.**



Bruk tlf 988 80 147, eller send mail til [annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no](mailto:annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no) Du trenger ikke sende bilde eller beskrivelse, bare gi beskjed om at du kommer med «noe».

Utstillingen i Lillesalen på samfunnshuset Pepperkakebyen vil være åpen på kulturdagen søndag 03.12 fra 13.30-16.30

Mandag 04.12 fra 14 - 20

Tirsdag 05.12 fra 14 - 20

Mandag og tirsdag er det også elevkonserter fra kulturskolen på kvelden, få gjerne med deg det samtidig som du ser på utstillingen!

Får jeg tilbake bidraget mitt når utstillingen er avsluttet?

De som ønsker det, kan hente bidraget sitt tirsdag kveld. Resten blir dessverre kastet. Blir det premie til fineste bidrag?

Kanskje det..... 😊



## ÆTTESOGELAGET

Historiar frå krigen

Tid: Torsdag 2. november kl. 19.00

Stad: På kommunehuset

Ingun Pallesen Wettrhus frå Stavanger fortel ei «spesiell krigshistorie», der Hitler sette faren fri frå konsentrasjonsleir i 1944, fordi bestefaren hadde redda 600 tyske

passasjerar på cruiseskip i 1934.

Johan Aakre har eit fotoforedrag frå krigen og fortel om boka si: «Alf Aakre - Agent i egen by».

## JULEGRANTENNING

Tid: Fredag 01.12 kl 18.00

Sted: Utenfor kulturbanken

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes.

Gang rundt juletre, forsangere og musikk fra Bjerkreim kulturskole.

Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken alt etter været. (Salg av mat fra kl 17.30, pause i matsalg fra kl 18.00 - 18.20 mens vi går rundt juletreet).

Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

## BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 16. november kl. 19.30 på Vikeså veiservice. Quizmaster: Harald Andre Veen. Startkontingent kr. 30,-.

Firemannslag. Kom gjerne åleine, så får du plass på eit lag - me har plass til fleire!

## JULEMØTE

20. nov kl. 18.00 hos Ålgård blomster.

Utlodning, riskrem og kaffe.

Inngang kr. 100,- pr. pers.

Alle er velkomne.

Arr: Bjerkreims hagelag

## BINGO

Tid: 8. november kl. 14.00 - ca 16.00

Sted: Peisestova på Vikeså misjonshus.

Arr: Bjerkreim helselag

## Nasjonalforeningen for folkehelsen



## KONSERT, HUMOR OG ALLSANG

Velkommen til konsert med Torolf Nordbø -

«Han Innante» på omsorgssenteret

onsdag 1. november 16.30.

Gratis adgang, åpent for alle.

Arr: Bjerkreim kulturkontor og

Den kulturelle Spaserstokken



## DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Inghjorg Vassbø. Tlf. 486 03 535

## INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 9. november kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise.

Velkommen alle kvinner!

## MEDLEMSKVELD AVLYST

Strikk og drøs i Skjeraberget folkehelsehus

7. november er avlyst.

Bjerkreim bygdekvinnelag

## HELSE I HVERT STEG

Mandag 13. november kl. 18.00.  
Oppmøte på Vikeså skule.  
Kom og bli med på tur.  
Arr. Bjerkreim bygdekvinne­lag

## JULEVERKSTED

Onsdag 29. november kl. 19.00.  
Medlemskveld hos Anne Rita  
Gudmestad.  
Hver deltaker betaler for det de trenger  
hos Anne Rita.  
Lov å ta med seg ting og tang.  
Påmelding til Liv Karin Strand  
917 29 184.  
Arr. Bjerkreim bygdekvinne­lag

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!  
Onsdag 1. nov. tur til Høgevoll -  
Fuglestad.  
Oppmøte kl. 10.00 - Esso Vikeså.  
Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker  
med nedsatt funksjonsevne.

## BJERKREIM PENSJONISTLAG

Møte torsdag 30. november kl. 14.00 på  
samfunnshuset. Inngangspenger kr. 50,-.  
Gode smørbrød og kaker. Sang og  
musikk, underholdning, loddsalg og litt  
bilderebus.  
Velkommen.

## KREATIV KJELLER

Velkommen til Kreativ kjeller i  
bedehuskjelleren kl. 18-22 torsdag 2.  
november. Ta med ønsket håndarbeid,  
blir nokon tilgjengelige symaskiner.  
Andakt kl. 19.30. Kaffi/te.  
Arr. Kristin, Margrete og Karen Sofie



Velkommen til

# AFTER EIGHT PRAISE

**Lovsangskveld**  
Vikeså Misjonshus | 18.nov. kl. 20.01

**Vi samles til lovsang, tilbedelse og fellesskap. Håper å se deg der.**

## LYS OVER LAND – MISJONSMØTER

Lørdag 4. november kl.19.30 på  
Bjerkreim bedehus m/dagleg leiar;  
Eivind Flå, og song av Oddvar Sæth.  
Torsdag 9. november kl.19.30 på Vikeså  
misjonshus m/kretssekretær Odd Eivind  
Høyvik og song av Synnøve G. Helland.  
Misjonsinformasjon og kollekt!

## VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl 17.30 Global kafe  
01. kl. 18.00 Bønnemøte  
03. kl. 20.00 Fredagsklubb  
05. kl. 11.00 Søndagssamling og  
søndagsskule  
08. kl. 14.00 Bingo  
08. kl 20.00 Samtalemøte  
09. kl. 19.30 Lys over land – møte  
13. kl. 19.00 YngRes og Korvett  
15. kl. 17.30 Global kafe  
18. kl. 20.01 After eight prise  
26. kl. 11.00 Gudsteneste  
27. kl. 19.00 YngRes og Korvett  
29. kl. 17.30 Global kafe  
Kvar torsdag kl 17.00: Vikeså Soul Kids

## BASAR

På Bjerkreim bedehus fredag  
10. nov. kl. 19.00.  
Tale ved Åsmund Steinnes.  
Hovudtrekking og åresal , med  
m.a.kransekaker. Enkel servering.  
Velkommen.

## BJERKREIM BEDEHUS

01. kl. 09.30 Minsten  
04. kl. 19.30 Møte Lys over land  
05. kl. 11.00 Endelig søndag NLM  
kl. 11.20 Søndagsskule  
06. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget  
07. kl. 19.30 Bønnemøte  
08. kl. 09.30 Minsten  
kl. 17.30 Global kafe  
10. kl. 19.00 Basar NMS  
13. kl. 19.00 Yngres  
14. kl. 19.30 Logos  
15. kl. 09.30 Minsten  
20. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget  
21. kl. 19.30 Bønnemøte  
22. kl. 09.30 Minsten  
kl. 17.30 Global kafe  
kl. 19.30 Møte NLM  
23. kl. 19.30 Møte NLM  
24. kl. 19.30 Møte NLM  
kl. 20.00-23.00 Fredagstreff  
25. kl. 18.00 Laurdagskveld med  
kveldsmat  
kl. 18.45 Møte NLM med  
barnesamling  
26. kl. 11.00 Endelig søndag NLM  
kl. 11.20 Søndagsskule  
27. kl. 19.00 Yngres  
28. kl. 19.30 Bønnemøte  
29. kl. 09.30 Minsten



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

**Sundag 5. november kl. 19.30.** Minnegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

**Sundag 12. november IKKJE** gudsteneste i soknet

**Sundag 19. november kl. 11.00.** Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Tårnagenthelg

**Sundag 26. november kl. 11.00.** Familiegudsteneste på Vikeså Misjonshus. Teikningar frå 5. trinn Vikeså skule

## DØYPTEI

01.10.23 Vilde Bråddli

15.10.23 Rakel Slettebø

## DØDE

02.09.23 Kristine Ingeborg Auestad  
Vinningland

03.09.23 Randi Bjerkreim

12.10.23 Solveig Jennemine Vinningland

## GLOBAL KAFÉ:

Hver uke er alle velkommen til Global kafé kl 17.30-19.00. Oddetallsuker på Bjerkreim bedehus og partallsuker på Vikeså misjonshus. Det er et åpent arrangement uten noe særlig program, men mulighet for å bli kjent med nye - spesielt innvandrere og tilflyttere.

1.11. Vikeså misjonshus (obs: Kl. 17.15-18.45)

8.11. Bjerkreim bedehus Åpen kirke kl 19

15.11. Vikeså misjonshus

22.11. Bjerkreim bedehus

29.11. Vikeså misjonshus

6.12. Bjerkreim bedehus Åpen kirke kl 19

13.12. Vikeså misjonshus

Den 8.11. og 6.12. er det Åpen kirke kl. 19 der du kan høre musikk, tenne et lys og høre kommende søndags evangelietekst.

## TÅRNAGENTSAMLING

Laurdag 18. november kl. 15.00. til kl. 20.00. og søndag 19. november kl. 10.30. til etter kirkekaften i og rundt Bjerkreim kyrkje.

Hugs gode, varme klede. Alle barn født 2015 er velkomne til å utforske kyrkja, bibelen og kyrkjetårnet. Kom og løys oppdrag og mysterium. Kos dykk med agentmat.

## BABYSANG KVAR TORSDAG

Velkomen til babysang på kyrkjekontoret kvar torsdag kl 12. Ta gjerne med niste, vi serverer frukt og kaffi/te. Ta kontakt med Valborg Bjerkreim om du har spørsmål.

## JULEKONSERT

Den årvisse julekonserten vert i år søndag 17. desember kl 18.30. Meir informasjon i desembernummeret.

## TO KRUKKER

Kjære deg! Jeg vil gjengi en fortelling jeg hørte på NRK-andakten en morgen. Jeg ber om at den må få løfte deg opp slik den løftet opp min dag:

En vannbærer i India hadde to store krukker, en på hver sin side av en stang som han bar over skuldrene sine. Mens den ene alltid var full av vann etter en lang tur hjem fra elven, så var den andre bare halvfull pga en sprekk. Etter to år snakket den sprukne krukka til bæreren: «Jeg skammer meg over meg selv og vil gjerne unnskyldte meg» «Hvorfor?» spurte bæreren. «Jeg klarer bare å levere halvparten av lasten fordi sprekken i siden gjør at vannet lekker ut hele veien tilbake til huset.»

Vannbæreren syntes synd på den gamle krukken og sa: «Jeg vil at du skal legge merke til alle de vakre blomstene langs stien.» Og krukken så alle blomstene, men følte seg likevel dårlig fordi halvparten av lasten var lekket ut på veien tilbake, så den begynte igjen å unnskyldte seg. Da sa bæreren til krukken: «La du merke til at blomstene bare var

## 4-ÅRSSAMLING

Der vert samling for 4-åringane (barn f. 2019) i Bjerkreim kyrkje laurdag 25. november kl. 10.00-ca 11.30. Me skal få lære litt om kyrkja, høyra bibelhistorie, laga noko fint - og eta masse frukt og peparkaker/julekaker. Invitasjon kjem i posten til medlemmar, men alle er velkomne frå det aktuelle alderstrinnet

## LYS VAKEN

Laurdag 02. og søndag 03. desember er det duka for Lys Vaken i kyrkja. Då får alle barn på 4. trinn høve til å feira «nyttår» i kyrkja, vera lys vakne for kvarandre og for Gud! Alle 9-åringar (født 2014) i soknet er hjarteleg velkomne. Invitasjon kjem til alle medlemmar i posten

## SØKNAD OM OFFER TIL LOKALE LAG

Soknerådet tildeler offer for 2023 i desember. Frist til å søkje om offer er 20. november.

på din side av stien? Det er fordi jeg alltid har visst om din svakhet, men jeg utnyttet den. Jeg plantet blomsterfrø på din side av stien, og hver dag når vi går tilbake fra elven, så vanner du dem. I to år har jeg kunnet plukke disse vakre blomstene til å pynte opp min Herres bord. Hvis ikke du hadde vært akkurat slik du er, så ville han ikke hatt denne skjønnheten til å pryde hjemme sitt.»

Vi er alle som sprukne potter, og i denne verden går ingenting til spille. Mange av oss tenker at vi er utilstrekkelige i livene våre, men manglene blir til velsignelse når Gud bruker oss. Kanskje blir Gud til og med mer synlig på den måten. Gud kan bruke alle og det vi ser på som feil og mangler kan med Guds hjelp bli meningsfylt.

Kjære Jesus, om det er slik at våre liv er fulle av aktiviteter og gjøremål dagen lang, så la oss likevel få merke det når du er i nærheten. La oss få bli stille slik at vi kan høre hva du har å si om hvem du er og hvilke planer du har for våre liv. Amen

**Gud velsigne deg!** Soknepresten

## FOLK I NØD SKAL HA HJELP!

Kirkens Nødhjelp er til stede på bakken i Gaza og områdene rundt. Våre kollegaer forteller at de mangler vann, mat og strøm. Flere tusen hjem er ødelagt. Nå haster det med å få frem hjelp. **Dette gjør Kirkens Nødhjelp:**

- Vi sørger for bistand på Vestbredden, Øst-Jerusalem og i Gaza.

- Vi er klare til å gi mat, vann, telt, tepper og annen livsnødvendig hjelp inne i Gaza så snart det er mulig.

Støtt vårt arbeid, **VIPPS til 2426**

## DESTINASJON BJERKREIM - STAND PÅ MARKEN

Som i fjor hadde Destinasjon Bjerkreim stand på Marken. Standen hadde ei god plassering, og vart godt besøkt 😊. Dei av medlemmane som hadde eigen stand, var samla inne i ei felles gate eller i Matfatet-teltet.

Rundt 100 personar deltok på konkurransen med å svara på spørsmål om medlemsbedriftene og støttemedlemmane.

### Desse vart trekte ut som heldige vinnarar av konkurransen med premiar kjøpt av Bjerkreim kommune:

1. Via Ferrata i Gloppedalsura for 4 personar. Ernst Herredsvela frå Bjerkreim som hadde fått klipp frå 15 bedrifter
2. Sølvsmykke frå Myrill Design med klipp frå 10 bedrifter: Maria Pavlyk frå Ukraina
3. Fotografering hjå Han med hatten x 2 med klipp frå 5 bedrifter: Anija frå Litauen og Sofia frå Litauen
4. Destinasjon Bjerkreim-kopp: Emma Skadberg frå Egersund

## INFORMASJONSSAMLING FOR NYE OG SNART KOMANDE EIGARAR/BRUKARAR AV GARDSBRUK I BJERKREIM

Er du ein av dei som nyleg har overteke gardsbruk eller skal gjera det om 1 - 2 år, er du velkommen til samling på kommunehuset

**onsdag den 17. januar kl. 19.00 til 22.00.**

Sett av datoen alt no, så kjem vi tilbake med meir informasjon i neste nr. av Bjerkreimsnytt.



Standen til Destinasjon Bjerkreim

## PLANTEVERN KURS VÅREN 2024

Om du er ny bonde som har behov for sprøytebevis, eller har tatt kurset for og treng fornying, så arrangerer NLR-Rogaland dette på Landbruksenteret på Helleland:

- 1. gongskurs:  
Torsdag 8., 13. og 15. februar kl. 18.30 og laurdag 17. februar kl. 9.00 - 14.15.
- Fornying av autorisasjonsbevis:  
Kveldskurs med undervisning  
Måndag 12. og torsdag 15. februar kl. 18.30.

Påmelding og meir info hjå NLR Rogaland på 970 14 117, [birgitt.harstad@nlr.no](mailto:birgitt.harstad@nlr.no) eller <https://rogaland.nlr.no>

## NYTT OM TILSKOT TIL SJUKDOMSAVLØYSING

Frå 1. januar 2024 aukar den maksimale dagsatsen frå kr 2100 til kr 2450. Dette gjer at fleire vil kunna nytta seg av ordninga; og etter dag 16 i sjukemeldingsperioden, då sjukepengebeløp frå Nav blir trekt frå.

Det har og kome nye reglar som gjer det lettare å nytta ordninga om ein treng avløyser fordi ein må passa sjuke barn under 12 år. Det er ikkje lenger slik at det berre er for dagar der ein må fylgja barnet til lege eller sjukehus, ein kan søkja tilskot. God nok dokumentasjon kan vera fråsegn frå skule eller barnehage som stadfestar at barnet har måtta vere heime grunna sjukdom.

## INFORMASJON

5 års-jubileum!

MYKSVOLL  
MIKROBRENNERI

# MEN FYSST KAFFI

[handbrent.no](http://handbrent.no)  
tegn et abonnement i dag på våre nye nettsider

GO Consult  
Olav Engelsgjerd  
Tlf. 906 99 409  
[post@goconsult.net](mailto:post@goconsult.net)



**fjoscam.no**

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

## Gitar og Handverk DA

**Gitarreperasjoner og rekvisita  
Blomsterdekor til alle anledninger, materiell**

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså  
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk  
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

 **ADVOKAT1**

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775/ 4000 3150  
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO

FOTOSTUDIO  RAMMEVERKSTED

# Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim  
legekantor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekantor.no](http://www.bjerkreimlegekantor.no)

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!

 **coop**  
Vikeså

 **coop**  
byggmix

 **EXTRA**

 **coop**  
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk


Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

 coop



 Eigersund  
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL  
KLINIKKEN  
PÅ NYTORGET 3!**

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222  
Kontortid: 08.00 - 09.30

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**  
Spesialistkompetanse på tannsykdommer  
hund og katt  
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor  
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

**Fardal Bil AS**  
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00  
[www.fardalbil.no](http://www.fardalbil.no)